



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Deres ref
200903642

Vår ref
2009/9207-MOR

Dato
30.11.2009

Høring - NOU 2009:18 Rett til læring. Innstilling fra utvalget for bedre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov

Vi viser til brev frå departementet 22.07.09 som gjeld høyring av "NOU 2009:18 Rett til læring". Etter ein intern høyringsrunde har Universitetet i Bergen (UiB) desse merknadene:

Målgruppa for NOU 2009:18 er born, unge og vaksne med særskilde behov. Det er viktig at fagpersonar som arbeider med desse gruppene og deira særskilde behov har kompetanse på høgt nivå, gjennom grunnutdanning og etter- og vidareutdanning. I tillegg er det avgjerande for realiseringa av intensjonane i meldinga at det blir gjennomført forskning som i neste omgang kan styrkja opplæringa av grupper med særskilde behov. At undervisninga skal vere forskningsbasert, også i lærarutdanninga, blir understreka i Stortingsmelding nr. 11 (2008-2009): *Læreren – rollen og utdanninga*.

Universitetet i Bergen ser det som ønskjeleg å styrkja PP-tenesta i arbeidet med betre tilrettelegging av tilpassa og inkluderande opplæring. Difor vil universitetet støtta forslaget (16.4.1) om etablering av eit nasjonalt utviklingssenter for PP-tenesta. Eit slikt senter bør leggjast til eit universitets- eller høgskulemiljø som har ansvar for utdanning, forskning og formidling knytt til eit breitt spekter av dei fagfelt som tilsette i PP-tenesta arbeider innanfor. Ved Det psykologiske fakultetet ved universitetet, er det fagmiljø med kompetanse i psykologi, spesialpedagogikk, logopedi, lærarutdanning, pedagogikk og andre tilgrensafagfelt. Profesjonsstudiet i psykologi ved UiB er det einaste universitetsmiljøet i landet kor studentane har ein obligatorisk praksis i PP-tenesta. Dette inneber at det er etablert brei kontakt med eit nettverk av rettleiarar i den lokale PP-tenesta. I tillegg har dei same universitetsmiljøa etablert gode faglege relasjonar til Høgskolen i Bergen, UH-nett Vest og Statped Vest.

UiB støttar også planen om å etablere eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og tenesta sine samarbeidspartnarar (16.4.1). Vårt universitet kan yta viktige bidrag til etablering og gjennomføring av eit slikt kompetanseutviklingsprogram. Dersom meldinga sine intensjonar om at PP-tenesta skal vidareutvikla kompetanse på læringsmiljø, problemåtfærd og samansette vanskar skal realiserast, må både det nasjonale utviklingssenteret og kompetanseutviklingsprogrammet realiserast. Forplikande samarbeidsavtalar mellom spesialpedagogiske regionssentra og universiteta og høgskulene gjer det mogleg å løysa dei utfordringane som ligg i meldinga sine forslag. I ein slik samanheng er det også viktig at dei regionale kompetansesentra bidreg til kunnskapsutviklinga innanfor sine respektive

kompetanseområde, i samarbeid med universiteta og høyskulene. Meldinga sin intensjon om å gjere spesialundervisning til ein betre integrert del av normalundervisninga inneber utfordringar for lærarutdanninga og korleis samarbeid med eksterne partar blir integrert i profesjonsdelen.

I NOU 2009:18 blir det lagt stor vekt på at kompetansen må aukast på alle nivå (Boks 18.1, utvalet sine forslag). Vi støttar forslaget om at studentane i lærerutdanninga bør få betre informasjon om spesialpedagogiske emne. Ramma for lærarutdanninga er gitt med omsyn til tid og studiepoeng, skal nye tema inn, må noko anna må tas bort. Dette er ikkje drøfta i utvalet sitt forslag. UiB støtter forslaget frå utvalet om å styrkja etter- og vidareutdanninga. Det gjer det mogleg å byggja ny informasjon og kunnskap på lærarane sine egne erfaringar. Dette vil styrkja forståinga av teori og forskning.

UiB er samd i at samspelet mellom kartlegging, evaluering og tiltak må styrkjast som kompetansefelt i lærarutdanninga. Eit slikt samspel er ein grunnleggjande pedagogisk tanke i undervisning av alle elevar, og særskild viktig for elevar med særskilde behov. Men også her er det naudsynt at læraren sin eigen undervisningspraksis er kontekst for å skapa ein samanheng mellom kartlegging, vurdering og tiltak. Vi føreslår difor at kvar skule har ein spesielt utdanna fagperson som kan rettleia læraren i å skapa det naudsynte samspelet i sin eigen individuelle undervisningssituasjon. Dei ulike avdelingane ved Det psykologiske fakultetet ved UiB har kompetanse til å laga eit vidareutdanningsløp for denne rolla.

Vi merkar oss forslaget om at profesjonsorienteringa i dei disiplinorienterte masterutdanningane blir styrkte når det gjeld praktisk-pedagogisk orientering, krav til praksis i studietida og rådgiving ved starten av yrkeskarriera. Våre studentar i det integrerte lektorstudiet møter skulane allereie i første semester, og dei får skuleerfaring kvart år i tre år, før dei har to lange praksisperiodar dei to siste åra. Tidleg møte med skulane styrker studentane si utvikling av profesjonsidentitet og gir dei ei heilskapleg forståing av lærarrolla.

Ved UiB ligg det godt til rette for å skapa eit tett samarbeid mellom lærerutdanninga og andre støtteprofesjonsutdanningar skulen treng. Det er viktig at forskning ligg til grunn for politiske og pedagogiske avgjersler. Det bør leggjast til rette for forskning med sterk tilknytning til praksisfeltet, og praksisfeltet må sjølv bli involvert i forskning, i samarbeid med universitetet.

Universitetet i Bergen støtter meldinga sine konklusjonar om at forskinga knytt til born, unge og vaksne med behov for ekstra tilrettelegging i opplæringa blir styrkt. Institusjonen har fleire forskingsgrupper som kan ta på seg slike oppgåver. Universitetet har også godt samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland (Utdanningsavdelinga), Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og andre kommunar på Vestlandet, noko som gjer det lettare å gjennomføra forskning i grunnskule og vidaregåande opplæring

Med helsing

Sigmund Grønmo
rektor

Kari Tove Elvbakken
universitetsdirektør